

HANDLINGSPLAN MOT VALD I NÆRE RELASJONAR

2017 – 2021

«Den største tragedien er ikke nødvendigvis menneskers onde handlinger, men gode menneskers taushet».

(Martin Luther King)



Retta utgåve– etter høyringsfrist.

**Handsama i formannskapet 01.03.2018, sak 009/18. Vedteken i
kommunestyret 05.04.2018, sak 018/18.**

Føreord:

Vald i nære relasjonar er både alvorleg kriminalitet og eit angrep på grunnleggjande menneskerettar. Smerta over å verta utsett for vald frå ein person som står ein nær, kjem i tillegg til sjølve valden (www.regjeringen.no)

I regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2014 – 2017 «*Et liv utan vold*», vert kommunane oppmoda om å arbeida ut kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar.

Vik kommune har ein handlingsplan. Denne planen er difor ei revidering av gjeldande plan.

I stortingsmelding nr 26 (2014 – 2015) «*Fremtidens primærhelsetjeneste – nærlhet og helhet*» heiter det m.a. at Regjeringa vil styrkja arbeidet for å utvikla tenestene innan vald i nære relasjonar, tydeleggjera ansvaret i lov, auka kompetansen og gjera dei kommunale helse – og omsorgstenestene betre i stand til å oppdaga og overvinna overgrep.

Vik kommune sin handlingsplan har ein heilsakapleg tenking omkring vald i nære relasjonar.

Vik kommune skal ha tiltak for å førebyggja, oppdaga og fylgja opp.
Hovudmålet med denne planen er:

- Å setja vald i nære relasjonar på dagsorden.

- Prøva å påverka til at ein søker hjelp dersom ein er utsett for vald eller overgrep.

Innhald

Føreord:.....	2
VIK KOMMUNE SINE MÅL I HØVE VALD I NÆRE RELASJONAR:	5
1. Situasjonsomtale for Vik kommune:	13
1. Nasjonale føringar:.....	5
2. Vedtak:	6
2.1 Avgrensingar:.....	7
2.2 Samandrag:.....	7
3. Bakgrunn:	8
3.1 Folkehelsemeldinga:.....	8
4. Planprosessen:.....	10
5. Føremålet med planen:	10
5.1 Samanheng til andre planar:	11
6. Førekomst:.....	11
7. Definisjonar og omgrep:.....	13
7.1 Omgrepet «vald»:.....	13
7.1.1 Vald:.....	14
7.1.2 Nære relasjonar:.....	14
7.1.3 Vald i nære relasjonar:	14

7.1.4 Ulike former for vald:	15
8. Fylgjene av å verta utsett for vald:	15
9. Førebygging og behandling:	16
10. Teikn på vald:	18
11. Vald og overgrep mot:	18
11.1 Born og ungdom:	18
11.1.1 Seksuelle overgrep:	19
<i>Teikn på mogleg seksuelle overgrep:</i>	20
11.2 Menn:	20
11.3 Eldre:	21
11.4 Menneske med nedsett funksjonsevne:	21
12. Tiltaksplan:	22
13. Aktuelle hjelpeinstansar/informasjonssider:	25
13.1 Aktuelle hjelp/informasjons sider:	25
13.2 Kven kan du snakka med?	27
Politiet:	27
Legevakt:	27
Barnevernet i Vik kommune:	27
Helsestasjon og skulehelsetenesta:	28
NAV:	28
14. Teieplikt og opplysningsplikt:	28
14.1 Teieplikt:	28
14.2 Samtykke:	28
14.3 Unntak frå teieplikta som gjev opning for samarbeid:	29
14.3.1 Kommunikasjon mellom helsepersonell – (Aktuelt for helsestasjon, skulehelsetenesta, legetenesta, habilitering m.v.):	29
A. Opplysning og meldeplikt til barnevernet:	29
B. Opplysningsplikt til helse og omsorgstenesta:	30
14.3.2 Unntak frå teieplikta som gjev opning for samarbeid – barnehage, skule og PPT:	30
14.3.3 Unntak frå teieplikta som gjev opning for samarbeid – sosialtenesta (NAV):	31
14.3.4 Unntak frå teieplikta som gjev opning for samarbeid – barnevernet:	31

14.3.5 Unntak frå legane si teieplikt: 32

Kjelder: 33

VIK KOMMUNE SINE MÅL I HØVE VALD I NÆRE RELASJONAR:

- I Vik kommune er det nulltoleranse i høve vald i nære relasjonar
- Kommunale tenester i Vik kommune har kunnskap som gjer at ein fangar opp signal og syter for hjelp til dei som treng det.
- Gjennom kompetansebygging, rettleiing og støtte er det lagt til rette for gode tenestetilbod som er med på å førebyggja vald i nære relasjonar.
- Vik kommune skal ha faste rutinar på oppfølging av offer og overgripar.

1. Nasjonale føringer:

- Regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2014 – 2017 «Et liv utan vold» legg til grunn ei forståing av vald i nære relasjonar som krev tverrfagleg innsats, med trøng for både kriminalpolitiske, likestillingspolitiske, sosialpolitiske og helsepolitiske verkemiddel i arbeidet mot vald i nære relasjonar. Regjeringa sitt kriminalitetsførebyggande arbeid støttar opp omkring tre grunnprinsipp: kunnskapsforankring, tidleg innsats og styrka samarbeid og samordning mellom ulike aktørar. Desse prinsippa er viktige også i det førebyggande arbeidet mot vald i nære relasjonar.
- I Stortingsmelding nr 26 (2014 – 2015) « Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet» heiter det m.a. at «Regjeringen vil forsterke arbeidet for å utvikle tjenestene innenfor vold i nære relasjoner, tydeliggjøre ansvar i lov, øke kompetansen og gjøre de kommunale helse- og omsorgstjenestene, inkludert fastleger og legevakt, bedre i stand til å avdekke og bekjempe slike overgrep.
- Regjeringa sin handlingsplan (2014 – 2017) « En god barndom varer livet ut». I føreordet til planen heiter det m.a. at det å bekjempa vald og seksuelle overgrep ikkje er noko privatsak. At alle som møter born og unge må tora å stilla vanskelege

spørsmål, ora å lytta til historiane som kjem fram. At i desse møta er kunnskap viktig. Kunnskap om kva ein skal «sjå etter» og kunnskap til å «fanga opp».

- **Meldeplikt til barnevernet:** Alle tilsette i kommunale, statlege og private hjelpeinstansar har også opplysningsplikt – utan hinder av teieplikta - til barnevernet når det er grunn til å tru at eit barn under 18 år blir mishandla i heimen, ved alvorleg omsorgsvikt og/eller alvorlege atferdsvanskår hjå barnet. Denne opplysningsplikta er heimla i fleire lover, m.a forvaltningslova, barnevernlova, opplæringslova, barnehagelova, sosialtenestelova og helsepersonellova.
- Regjeringa sin handlingsplan mot valdtekst (2012 – 2014).

2. Vedtak:

Det har ikkje vore sett ned noko prosjektgruppe/arbeidsgruppe for arbeidet med denne planen. Planen er ført i pennen av rådgjevar for oppvekst.

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2016 – 2020 vart handsama i **formannskapet den 01.03.2018, sak 009/18**. Under drøftingane av saka kom det fram fylgjande innspel som blir vurderte tekne inn i planen ved endeleg handsaming av saka i kommunestyret:

- Planen bør også omtala og omhandla born som er vitne til vald.
- Byta ut ordet «etterforska» med «undersøka».
- Omformulera «lov å ta feil» til « om det seinare syner viser seg å ikkje vera så alvorleg, så har ein likevel ikkje brote teieplikta. Offentleg tilsette har meldeplikt til barnevernet.

Det vart gjort følgjande vedtak:

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2017 – 2021 vart vedteken slik den ligg føre.

Samrøystes.

Planen vart handsama **i kommunestyret den 05.04.2018, sak 018/18**.

Gunn Randi Bjørnevoll Krf, gjentok sine framlegg frå handsaminga i formannskapet. I tillegg ba ho om at planen måtte ha ei henvisning til NOU 2017 nr 12.

Det vart gjort følgjande vedtak:

Handlingsplanen mot vald i nære relasjonar 2017 – 2021 vert vedteken slik den ligg føre, med tillegg i samsvar med framlegg frå representanten Gunn Randi Bjørnevoll Krf.

Samrøystes.

2.1 Avgrensingar:

Rådgjevar Oppvekst fekk i oppdrag å laga eit høyringsutkast og revidering av eksisterande handlingsplan. Det er brukt mykje tid på å finna fram til aktuelt stoff og sortera ut det som er mest nytta inn i denne planen, samstundes som planen ikkje skulle verta for lang. Målsettinga er å få til ein plan som er oversiktleg, brukarvennleg og lett å finna fram i.

Denne handlingsplanen tek føre seg vald i nære relasjonar mot born, ungdom, vaksne, eldre, og personar med nedsett funksjonsevne. Born og unge har sterkest fokus i planen. Difor og overgrep retta mot barn.

Planen går ikkje djupt inn på psykisk vald, blind vald, kontrollerande vald som økonomisk avgrensingar, krenkingar m.m.

Planen har mest fokus på førebygging og minst fokus på behandling.

2.2 Samandrag:

I regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2014 – 2017 « Et liv uten vold», vert kommunane oppmoda om å laga kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar.

Vald fører til mykje lidning, og dei helsemessige verknadene kan vera omfattande og livstrugande. I tillegg til dei store verknadene for den einskilde, har valden og store økonomiske verknader.

Stortingsmelding nr 26 (2014 – 2015) « Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet», peikar Regjeringa m.a. på ei styrking av arbeidet for å utvikla tenestene innan vald i nære relasjonar, og gjera dei kommunale helse og omsorgstenestene betre i stand til å finna ut om vald og overgrep.

Alle kommunar er ved Lov om krisesenter av 01.januar 2010 (krisesenterlova), pålagt å syta for eit tilbod om krisesenter til personar som er utsette for vold i nære relasjonar eller truslar om vold i nære relasjonar. Denne lova gjev kvinner, menn og born lik rett til hjelp.

Vik kommune sin handlingsplan har ei heilskaplag tenking omkring vold i nære relasjonar.

3. Bakgrunn:

Vald i nære relasjonar har eit stort omfang og går føre seg i alle sosial lag, og er eit alvorleg samfunnsproblem både ut i frå eit kriminalitet-, helse-,likestilling- og oppvekstperspektiv. Valden påfører betydeleg lidingar, og dei helsemessige konsekvensane kan vera omfattande og livstruande. Valden har og store samfunnsøkonomiske kostnader.

I regjeringa sin handlingsplan mot vold i nære relasjonar 2014 – 2017 « Et liv uten vold», vert kommunane oppmoda om å arbeida ut kommunale handlingsplanar mot vold i nære relasjonar. Førebygging av vold og motverka til vold i nære relasjonar gjennom å arbeida for eit tryggare, meir rettvist og meir likestilt samfunn, er ei prioritet oppgåve for regjeringa. Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar i strid mot norsk lov og grunnleggjande menneskerettar.

I 2013 gav Redd Barna ut rapporten « Tåler noen barn mer juling?». Rapporten peikar m.a. på at minoritetsborn får eit dårlegare tilbod frå hjelpeapparatet enn etniske norske born, og at det går lengre tid før hjelpeapparatet melder desse sakene.

Borna sine signal må fangast opp, og me må ha eit tilbod om hjelp som sikrar borna naudsynt hjelp og tryggleik.

Gjennom denne planen håpar me å få sett i gang ein prosess for å auka bevisstheita og kompetansen omkring tema. Erfaringar frå andre kommunar syner m.a. at auka merksemd bidreg til at fleire tek kontakt med hjelpeapparatet og politiet. Dette att bidreg til at ein i større grad «ser» symptoma som bør føra til bekymring.

3.1 Folkehelsemeldinga:

Etter folkehelsemeldinga skal kommunane ha oversikt over folkehelse - utfordringane i kommunen. Kommunane skal difor forma ut mål og tiltak for å møta desse utfordringane.

Dvs at kommunane skal nytta alle sektorar og tiltak for å fremma innbyggjarane si helse, og for ei utjamning av sosiale helsekilnader (www.regjeringen.no). Ei slik oversikt skal og innehalda vald i nære relasjonar. Vik kommune har ikkje eit eige plandokument med oversikta over helsetilstand til innbyggjarane i kommunen. Med helsetilstand meines folkesetnaden si helse målt ved ulike mål, t.d. risikofaktorar, førebyggbare sjukdommar, trivsel og meistringsressursar eller meir indirekte mål som sjukefråvær t.d. I samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Helse Førde og kommunane, vert det arbeidd med å gjera opplysningar til bruk i folkehelsearbeidet i kommunane tilgjengelege. Målet er å samla mange av dei relevante folkehelseindikatorane (www.sfi.no). Folkehelseprofilen for Vik kommune av 2017, syner m.a. nokre trekk ved folkehelsa i kommunen. Desse opplysningane er frå oktober 2016 (www.sfi.no):

- Kommunen skil seg ikkje eintydig frå landsnivået når det gjeld andelen barn (0 – 17 år) som bur i husstandar med låg inntekt.

I lag med fleire andre kommunar i landet, har Vik kommune gjennomført ungdata – undersøking hjå 8, 9 og 10.klassane i kommunen (www.ungdata.no).

Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved Høgskulen i Oslo og Akershus og sju regionale kompetansesenter innanfor rusfeltet (KoRus) står bak undersøkinga. Svarprosenten i Vik kommune er 91%, og syner m.a. at:

- Dei aller fleste har venner dei kan stola på.
- Ikkje alle er like godt nøgde med lokalmiljøet sitt.
- Skulen er ein god stad å vera, men ikkje for alle.
- Færre ungdomsskulelevar skulkar skulen.
- Røyking er heilt ut på ungdomsskulen. Det er heller ikkje mange som snusar.
- Dei aller fleste deltek i organiserte fritidsaktivitetar.
- Dagens ungdom er opptekne med trening.
- Dei fleste er nøgde med si eiga helse.
- Ein god del ungdommar slit dagleg med fysiske helseplager.
- Mange ungdommar slit med ein del psykiske plager i kvardagen.
- Få av ungdomsskulelevane har vore fulle.
- Nokre ungdommar er vorte utsette for trugsmål om vald.
- Ungdommane er nøgde med foreldra sine.

Svara frå ungdata-undersøkinga kan tolkast som at dei aller fleste ungdommane i Vik kommune bur i heimar og har foreldre/føresette som bryr seg positivt om dei. Inn mot denne planen og tema som gjeld vald i nære relasjonar, veit ein og at det kan liggja føre mørketal.

Samstundes veit ein m.a i frå andre typar undersøkingar/studiar m.a. Mossige & Stefansen (2016) at 21% av ungdom i Noreg har opplevd fysisk vald frå minst ein forelder i oppveksten. For dei fleste dreier dette seg om mindre alvorleg vald t.d. at dei har opplevd at foreldra har lugga, klype, rista eller slege dei med flat hand. Mindre alvorleg vald er relativt jamt fordelt i befolkninga. Det har vore ein nedgang i denne type vald i dei siste åra (Mossige & Stefansen 2016). Truleg gjeld dette også i Vik kommune.

4. Planprosessen:

Handlingsplanen for vald i nære relasjonar 2011 – 2015 vart vedteken i Vik kommunestyre den 28.02.2011. Framleggget til denne planen er ei revidering av gjeldande plan. Vik kommunestyre skal ha planen lagt fram for endeleg godkjenning.

Rådgjevar for oppvekst har ført planen i pennen. Det har ikkje vore sett ned noko arbeidsgruppe for dette arbeidet. Aktuelle tenester er tekne med i framleggget til planen gjennom høyringsuttalar. Dette gjeld for:

Helsestasjon, NAV, barnehagar, skular, psykisk helseteneste, heimesjukepleie, politi, kommunelege, tannlege og barnevern (inkludert busetting av einslege mindreårige).

Planen har vore ute på høyring. Høyringsfristen vart sett til 29.01.2018.

5. Føremålet med planen:

Det overordna målsettinga med planen er at alle som lever med vald skal sikrast naudsynt hjelp og vern.

Handlingsplanen skal vera med å setja vald i nære relasjonar på dagsorden. Planen skal samordna ulike faginstansar/tenester og ansvarsområde.

Intensjonen er å sikra at innbyggjarane i Vik kommune, som lever med vald, vert oppdagat så tidleg som mogleg og får hjelp frå eit samordna hjelpeapparat.

Dette skal sikrast ved at tilsette i Vik kommune har god kompetanse om:

- Vald i nære relasjonar
- Korleis oppdagar at barn/unge/eldre vert utsette for vald

- Korleis handtera uro/ bekymring
- Fylgjene for dei som vert utsette for vald
- Korleis samarbeida på tvers av einingane

Handlingsplanen og førebygging av vald er ei god investering for ei tryggare framtid og ein betre kommune å veksa opp i. På sikt vil dette truleg og kunna føra til mindre bruk av offentlege hjelpetenester.

For å greia dei ulike tiltaka, må det leggjast vekt på kompetanseutvikling av dei ulike hjelpeinstansane.

5.1 Samanheng til andre planar:

Kommuneplanen trekkjer fram både folkehelse og levekår. Dette bør sjåast i samanheng med vald i nære relasjonar.

Kommunen har andre planar som og er aktuelle i samband med vald i nære relasjonar:

- Kommunedelplan for Oppvekst.
- Handlingsplan mot mobbing og trakassering i skulane i Vik kommune.
- Handlingsplan mot mobbing i barnehagane i kommunen
- Kommunedelplan for helse og omsorg.
- Ruspolitisk handlingsplan.
- Trafikktryggingsplanen (skal reviderast).
- Økonomiplanen.
- Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

6. Førekost:

I ei nasjonal førekoststudie av vald i eit livslaups perspektiv ved Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatiske stress i 2014, fann forskarane Thoresen & Hjemdal at vald og overgrep har eit betydeleg omfang i Noreg. Undersøkinga vart gjennomført på oppdrag frå Justis og beredskapsdepartementet, og vart gjennomført som ei telefonstudie med 2435 kvinner og 2092 menn i alderen 18 – 75 år. I rapporten « Vold og voldtekt i Norge – en nasjonal forekomststudie av

vold i et livsløpsperspektiv», kartlagde forskarane Siri Thoresen og Ole Kristian Hjemdal (2014) ulike sider ved valden og overgrep, inkludert kontakt med politiet, rettsvesenet og helsevesenet.

Rapporten byggjer på data frå undersøkinga «Trygghet, vold og livskvalitet i Norge». Forskarane fann ein sterk samanheng mellom det å ha vore utsett for vald og overgrep i barndommen og å oppleve nye overgrep i vaksen alder.

I fylgje studie om omfang av vald og overgrep mot born og unge (gjennomført frå 18 – 19 åringer) svarar 6% av ungdom i Noreg å ha opplevd alvorleg fysisk vald frå minst ein forelder i oppveksten (www.bufdir.no). Dvs vald med høgt skadepotensiale. Dvs at dei anten er vorte banka opp, sparka, slegne med knyttneven eller vorte angripen på andre måtar. Både mor og far kan vera utøvarar av alvorleg fysisk vald. Like mange gutar som jenter har vorte utsette for denne typen vald. I motsetning til mindre alvorleg fysisk vald, har det ikkje vore nokon nedgang i denne formen for vald i dei siste åra (www.bufdir.no). Innvandrarbakgrunn frå ikkje vestlege land, därleg familieøkonomi og rusproblematikk hjå foreldra gjev auka risiko for å verta utsette for denne typen vald (Mossige & Stefansen 2016).

Mossige & Stefansen (2016) finn og at 8% av ungdommane i Noreg har opplevd vald mellom foreldra sine, og at det er ein samanheng mellom därlege levekår og partnervald. Mossige & Stefansen (2016) fann og at born og unge som vert utsette for vald frå foreldra, har og auka risiko for å verta utsette for vald frå jamn aldrige. Og for jenter var det og ein sterk samanheng mellom å ha vorte utsett for andre valdshendingar og seksuelt overgrep før dei fyller 18 år (Thoresen & Hjemdal 2014).

Studia fann og at born opplever ofte fleire typar overgrep, og at alvorleg vald og seksuelle overgrep heng saman med psykiske helseproblem og kan sjåast på som eit folkehelseproblem. Særleg gjeld dette for kvinnene si helse, fordi kvinnene vert utsette for fleire typar hendingar med vald og overgrep enn menn.

Det er estimert at 5 – 15 spedbarn vert alvorleg skada av såkalla shaken baby syndromet kvart år, og at om lag 5 av dei dør kvart år. Tala byggjer på erfaringar frå norsk helsevesen (Keenan et al. 2003, Rasmussen et al. 2012, frå www.bufdir.no).

Forskarane Thoresen & Hjemdal (2014) fann og at vald vert framleis halde hemmeleg. Dvs at fåe tek kontakt med helsevesenet, fåe melder i frå til politiet og ein del fortel aldri nokon om kva dei er vorte utsette for. 43% av jentene og 30% av gutane snakka med helsepersonell om hendinga (ne) eller relaterte helseproblem. 86% av jentene og 63% av gutane hadde snakka med andre om det (Thoresen & Hjemdal 2014).

Målsettinga med denne planen er som nemnt å auka bevisstheita og kompetansen omkring tema, og at auka merksemd bidreg til at fleire tek kontakt med hjelpeapparatet og politiet. Kanskje kan nettopp vår plan bidra til ei endring av hemmeleghalding av dette store problemet?

6.1 Situasjonsomtale for Vik kommune:

- **Heimesjukepleien:** Opplyser at vald mot eldre i liten grad eit problem i heimetenesta i Vik. Det vert svært sjeldan rapportert om trugande situasjonar.
- **NAV:** opplyser at det på generelt grunnlag er grunn for å tru at det går føre seg/har gått føre seg ulike grader av vald i relasjonar. NAV seier likevel ikkje noko om omfanget av dette.
- **Barnevernet** opplyser at dei har motteke sporadiske meldingar om vald i heimen:
 - I 2014 hadde 42% av meldingane til barnevernstenesta bakgrunn i valdsproblematikk.
 - I 2015 omhandla 24% av meldingane mistanke om at barn er utsette for, eller vore vitne til vald. Dvs. at i nærmere ein fjerdedel av meldingane i 2015 hadde meldar mistanke om valdsproblematikk.
- **Legane** opplyser at dei er svært sjeldan i kontakt med personar som opplyser at dei er vorte utsette for fysisk vald i nære relasjonar. At dei i dei siste 4 – 5 åra kjenner til 3 tilfelle med fysisk vald mot partnar. Legane opplyser likevel at dei går ut i frå store mørketal og at dei behandlar skader som er resultat av vald utan at dei forstår det, og at det meste av valden går føre seg utan at helsepersonalet vert kontakta.

7. Definisjonar og omgrep:

7.1 Omgrepet «vald»:

Kva ein legg i omgrepet «vald» har variert over tid og mellom kulturar. WHO definerer vald som:

«The intentional use of physical force or power, threatened or actual, against oneself, another person, or against a group or community, that either results in or has a high likelihood of resulting in injury, death, psychological harm, maldevelopment or deprivation» (WHO, 2002).

WHO gjer her greie for «vald» ut i frå valdshandlingar som bruk av makt, tvang eller truslar med vekt på dei negative konsekvensane handlingane har for einskildindividet. WHO reknar alle typar fysiske, seksuelle og psykologiske former for mishandling inn i omgrepet.

Det finst mange definisjonar og forklaringar på vold, krenkingar og overgrep.

7.1.1 Vald:

Den mest nytta definisjonen er:

«Vold er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får den andre personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil». (Per Isdal frå Alternativ til Vold).

7.1.2 Nære relasjonar:

Også nære relasjonar kan forståast på ulike måtar.

Straffelova § 219, den såkalla familievald paragrafen definerer kva område denne gjeld for:

«den siktedes tidligere eller nåværende ektefelle eller samboer, den siktedes slektning i rett nedstigende linje eller tidligere eller nåværende ektefelles eller samboers slektning i rett nedstigende linje, den siktedes slektning i rett oppstigende linje, noen i vedkommendes husstand, eller noen som den siktede har i sin omsorg» (Straffelova §219).

Denne forståinga av nære relasjonar er avgrensa til den vanlege kjernefamilien og rett nedover eller oppover - gåande slektsliner, men kan også omfatta personar som er med inn i husstanden eller som vedkomande har eit emosjonelt eller familiært forhold til.

7.1.3 Vald i nære relasjonar:

« Vold i nære relasjoner (også omtalt som partnervold eller familievold) omfatter all fysisk og psykisk vold og trusler mellom nåværende og tidligere familiemedlemmer, og den omfatter også barn som er vitne til volden. Straffbar kjønnslemlestelse og tvangsekteskap faller også inn under begrepet» (www.politiet.no).

7.1.4 Ulike former for vald:

- **Fysisk vald/mishandling** (slag, spark, dytting, innesperring, isolering, kvelartak)
- **Seksuell:** (seksuelle overgrep eller truslar om dette)
- **Materiell vald:** (knusing, øydelegging, kasting av gjenstandar, slag i veggar og dører)
- **Psykisk:** (bruk av ord og stemme som kontrollerer, skader eller krenker)
- **Økonomisk vald:**(den eine parten vert nekta å ha kontroll over eigen eller felles økonomi)
- **Latent vald :** (Vald som «ligg i lufta», ein spesiell stemning før eller etter ein valdsepisode).
- **Oppdragarvald:** (brukt for å endra åtferda til born og unge).
www.politiet.no .

8. Fylgjene av å verta utsett for vald:

Born som er vitne til vald i familien har ofte frykt, og er utrygge. Å vera vitne til vald er like skadeleg som å sjølv vera direkte utsett for vald. Borna får ofte og med seg mykje meir enn det dei vaksne trur. Sjølv om borna ikkje ser valden, kan dei likevel merka at noko er gale. Born har stor variasjon i sjukdomsbiletet. Born kan ha vore utsette for vald eller overgrep utan å syna spesielle teikn eller reaksjonar på dette, og dei kan syna symptom utan å ha vorte utsette for vald.

Alvorleg vald og grove seksuelle overgrep heng saman med psykiske helseproblem. Det er ein stor kostnad for samfunnet fordi mange av valdsoffera ofte fell ut av arbeidslivet.

Mange born og unge lever med daglege fysiske, psykiske og seksuelle overgrep. Tema er ofte tabu. Heimen og familien er stader der born og unge skal føla seg trygge. Eikvar form for vald, overgrep og krenkande handlingar kan gje svært uheldige konsekvensar for barnet sin vekst, utvikling, helse og livskvalitet (www.reddbarna.no 2015).

Velferdsforskningsinstituttet NOVA har kome med sin fyrste rapport knytt til Justis og beredskapsdepartementet sitt forskningsprogram om vald i nære relasjonar (2014 – 2019) (www.regjeringen.no). Rapport 5/2010 «Vold og overgrep mot barn og unge – omfang og utviklingstrekk 2007 – 2015» av Svein Mossige og Kari Stefansen (2016).

Rapporten syner m.a. at vald og overgrep råkar ein omfattande del unge. Den syner og at mild vald frå foreldre er redusert frå 2007 – 2015, medan grov vald har omtrent same omfanget (www.regjeringen.no).

Ut i frå dette peikar Mossige/Stefansen på følgjande utfordringar:

« Hvordan samfunnet kan nå fram til de familiene der barn kan bli utsatt for grov vold – i en kontekst der familien også har andre utfordringer – er et viktig spørsmål som må utredes nærmere. Vi anbefaler at forskningsinnsatsen om omfanget av vold mot barn og utviklingstrekk knyttet til ulike former for vold, styrkes» (Mossige/Stefansen 2016 s 11).

Forskarane peikar og på at arbeidet mot partnervald er svært viktig for å hindra vald mot born.

Valden har og store samfunnsøkonomiske kostnader i form av auka behov for hjelpe tiltak i skulen, psykisk og fysisk helsehjelp, tiltak frå barnevernet, ressursar hjå politiet m.m. Difor er det og viktig å få fram dei samla kostnadene for samfunnet, slik at ein kan få meir fokus på førebyggande strategiar og tiltak.

9. Førebygging og behandling:

I internasjonal målestokk er Noreg langt framme i arbeidet om å få bukt med vald i nære relasjonar. God førebygging av vald vil spara samfunnet for både individuelle og økonomiske kostnader. Det er ei utfordring å dokumentera kva ein har att av førebygginga. Positive verknader syner seg oftast etter noko tid. Difor vert oftast det førebyggande arbeid sett til sides.

Manglande kunnskap i hjelpeapparatet, manglande samarbeid og samordning mellom dei ulike tenestene kan ofte vera ei utfordring. Gjennom auka kunnskap og samordning i dei kommunale tenestene, politi og rettsvesen, kan ein i større grad førebygga vald i nære relasjonar. Slik kan ein og gje betre hjelp til utsette og sårbare grupper. I dette arbeidet må ein og tilpassa språk og kultur.

Det er ein menneskerett å leva utan å verta utsett for vald i nære relasjonar.

Trygge foreldre, tilsette i barnehagen og lærarar, skapar tryggare born. Indre tryggheit i form av trygg tilknyting til dei nærmaste omsorgspersonane påverkar utviklinga av ei god psykisk helse. Tillit til omverda er ein føresetnad for å be om og ta imot hjelp når det er behov for det. Det er vel kjend at personar som er utsette for vald, ofte ikkje seier dette til nokon. For

at born og unge skal tora å seia i frå om at ein vert utsett for vald, må dei vaksne syna seg som trygge tillitspersonar.

Det er vanleg å skilja mellom ulike typar førebygging:

1. **Universell førebygging:** Dvs tiltak som er retta mot alle innbyggjarane eller undergrupper (t.d. skuleborn) som ikkje er definert ut i frå nokon risikovurdering. Verknadene skal koma alle til gode.
2. **Selektiv førebygging:** Dvs tiltak som er retta mot undergrupper der ein meiner at det ligg føre risiko for ei uheldig utvikling. Dvs grupper av personar som er eksponerte for risikofaktorar. T.d. samlivskurs, Screening av gravide i høve til ev vald under svangerskapet.
3. **Indikativ førebygging:** dvs tiltak som er retta mot einskildindivid med ein på førehand identifisert risiko, symptom og/eller diagnose. Dette inneber og ei tidleg identifisering av skjeivutvikling/sjukdom og tiltak vert sett inn for å motverka uønska utvikling. Indikative førebyggande tiltak handlar om å få stoppa valden og redusera skadene. Det kan tenkjast eit universelt førebyggande tiltak som t.d. at filmen «sinnamannen» vert synt på barneskulen, og at dette kan føra til at nokre får kjennskap til at eit barn vert utsett for vald i nære relasjonar. Det vil då og vera behov for at skulen set i gang indikative tiltak som fører til at ein får stoppa valden for å redusera potensielle skader for barnet.

Tiltak bør setjast inn på alle tre nivå.

Folkehelseperspektivet legg vekt på samanhengen mellom god psykisk helse og helsefremmande faktorar som sosial støtte, deltaking og meistring.

Korleis ein forstår og gjer greie for vald i nære relasjonar vil ha noko å seia for kva førebyggande tiltak ein set i verk.

- **Generelle likestillingspolitiske tiltak:**

I handlingsplanen «Et liv utan vold» peikar Regjeringa på generelle likestillingspolitiske tiltak og ei styrking av likestillingsarbeidet på alle område i samfunnet, som eit førebyggande tiltak.

- **Redusera det samla konsumet av alkohol:**

Mykje av valden vert gjort i ruspåverka tilstand (www.regjeringa.no). Rusavhengigheita kan vera eit resultat av at ein vert utsett for vald. I handlingsplanen «Et liv utan vold» peikar

regjeringa på at vald i nære relasjonar kan reduserast ved å redusera det samla konsumet av alkohol. Heilt konkret gjeld dette for ei bevisstgjering omkring verknadene av alkohol knytt til åtferd. At dette kan gjerast gjennom haldningsskapande kampanjar og kunnskapsformidling generelt.

10. Teikn på vald:

Det kan vera vanskeleg å sjå om ein person er utsett for vald. Nokre teikn kan vera:

- Blå merke, brot og andre skader
- At ein nyttar andre årsaker (fall i trappa, gjekk på døra m.m.)
- Isolering
- Born som vegrar seg for å gå heim
- Bruk av rusmiddel
- Endring av åtferd
- Aggressiv oppførsel
www.politiet.no

Politiet (frå www.politiet.no), opplyser at denne lista ikkje er uttømmande, og at dette heller ikkje er sikre teikn.

11. Vald og overgrep mot:

11.1 Born og ungdom:

Ei altfor stor gruppe born veks opp i familiar der vald er ein del av kvardagen. Både barnevernslova og barnelova (lov om barn og foreldre) vektlegg barnet sitt beste og at born skal ha god og forsvarleg omsorg. Born skal oppleve å ha ein trygg heim. FNs Barnekonvensjon understrekar at born skal vere beskytta mot fysisk og psykisk mishandling, forsømming, eller utnytting frå foreldre eller andre omsorgspersonar.

Borna sine vanskar vert ofte misoppfatta. I staden for å gjere noko med årsaka til problema, vert det sett i verk tiltak i høve symptomata.

Forsking syner at dei fleste born som opplever vald oppheld seg i same rom som der valdshendinga skjer. Små born som ofte oppheld seg fysisk nære omsorgspersonane er spesielt utsett. Skuleborn som har opplevd/opplever vald i heimen vert oftare mobbarar, og er oftare utsette for mobbing (Flora kommune s 5).

Innan ulike kulturar vert omgrepet vald gjeve ulik tyding. For nokre vil ikkje fysisk vald, dask eller øyreflik verta vurdert som vald. Å bryta ned omgrepet til konkrete handlingar vil vera avgjerande for å kunna kartleggja om eit barn vert utsett for krenkingar.

Nyare forsking tyder på at born som vert utsette for vald får ofte problem med merksemd, uro og impulskontroll som kan føra til därlege skuleprestasjonar og dårlig sosial meistring. Det er dokumentert at det kan vera like skadeleg for eit barn å vera vitne til vald som å sjølv verta utsett for fysisk mishandling. Barn som ser at mor vert slegen, lever med den same redselen som om valden skulle råka ein sjølv.

11.1.1 Seksuelle overgrep:

I 2014 vart det registrert 3700 personar som offer for seksuallovvbrot. Heile 740 av desse var born. Barn kan og utføra overgrep. Både mot yngre og eldre born, mot syskjen eller vener. I nokre høve kan born verta overtala eller forklart av vaksne kva seksuelle handlingar dei skal gjera mot andre born (Aasland 2014).

Gjennom samtalar med 25 vaksne som vart utsette for overgrep før dei var 18 år gamle, kom det fram at alle var overtydde om at vaksne dei kjende visste om kva som skjedde (Aasland 2014). Seksuelle overgrep går føre seg mot born i alle aldersgrupper, men born i alderen 8 – 12 år er mest utsette (norsk helseinformatikk frå www.nhi.no). Overgripiparane er oftaste menn, men kvinner er og involverte i ein mindre prosent av tilfella (hovudsakleg mot gutter). I dei fleste tilfella er overgriparen ein person som barnet kjenner i frå før av. Den som forgrip seg kan vera ein ven, nabo av familien, eller ein tillitsperson i barnet sitt sosiale nettverk.

Jenter er meir utsette for overgrep frå familiemedlemmar, medan gutter er mest utsette for overgrep frå framande. Overgrep frå personar utanfor familien er oftare einskildepisodar. Overgrep innan familien går ofte føre seg gjentekne gonger (www.nhi.no).

Teikn på mogleg seksuelle overgrep:

- **Somatiske teikn:** hovudverk, stramme og spente musklar, vondt i magen eller i tissen, hyppige urinvegsinfeksjonar, dei kan starta med å tissa eller bæsja på seg att etter å ha sluttat med bleier.
- **Munn og tannproblem:** därlege tenner kan koma av at barnet kastar opp eller brekker seg etter oralsex, då magesyra tærer på tenna og øydelegg emaljen.
- **Sjølvskading:** små born kan slå og dunka hovudet mot veggen, golvet el. Større born kan skjæra seg opp på armar, bein, bryst (Aasland 2014)
- **Forhold til eigen kropp:** Nokre born kan klenga seg inntil og gni kropp og kjønnsorgan mot andre sine. Andre kan visa redsle og ubehag ved fysisk kontakt(Aasland 2014).
- **Regresjon :**Grunna sterke opplevingar eller traume (Aasland 2014). Borna kan gå tilbake i utvikling. T.d. starta med babyspråk att etter å ha lært seg å snakka reint
- **Søvnvanskar og mareritt.**
- **Uttrykkslause:** Ein ser t.d. ikkje skilnad på glede og sorg i andletet til borna.
- **Endring av åtferd:** Barnet kan visa aggressjon, passivitet, konsentrasjonsvanskar eller vantrivnad som det ikkje har vist tidlegare(Aasland 2014).
- **Seksualisert åtferd:** (syner avansert seksuell kunnskap som ikkje er normalt for alderen).
- **Konsentrasjonsvanskar**
- **Inneslutta eller utagerande:** Barnet kan vera vanskeleg å forstå seg på, og skapa ei kjensle av uro eller därleg magekjensle hjå den vaksne (Aasland 2014).

Det er når ein ser fleire teikn at ein kan sjå desse i samanheng og vurdera livssituasjonen til barnet for å finna ut om seksuelle overgrep kan vera ei årsak (Aasland 2014). Ein bør ikkje avbryte barnet eller flytte merksemda over på noko anna, sjølv om samtala er vanskeleg. Ein må tolle pausar, vente på det som kjem og vere merksam (Aasland, 2014).

11.2 Menn:

Også mennene vert utsett for vald av sine partnarar.

I 2010 gav Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress ut rapporten « Vold mot menn i nære relasjoner – Kunnskapsgjennomgang og rapport frå et pilotprosjekt». Rapporten syner at mennene ofte vert utsette for mykje psykisk vald. Dette kjem til uttrykk gjennom ulike former for trakassering, truslar og anna audmjukande og nedverdigande åtferd. Eit tilleggsproblem for mennene er at valden også råkar deira maskulinitet og

sjølvfølinga deira. At kanskje mennene sin kjønnsidentitet representerer eit hinder for å innrømma trangen for hjelp. Difor kan det og henda at mennene underrapporterer valden. NIBR (Norsk Institutt for by og regionforsking) rapport 2005 « Vold i parforhold – ulike perspektiver», syner at vel 2% av alle menn i Noreg har vore utsette for grov vald av noverande eller tidlegare kjærast.

11.3 Eldre:

Også eldre vert utsette for vald frå personar som står dei nær. Dette kan vera ektefelle, barn, barnebarn, slektingar, hjelpepersonale eller andre som den eldre er avhengig av, og kan som regel vera omsorgssvikt, psykisk vald, fysisk vald, økonomisk utnytting og/eller seksuelle overgrep.

I Noreg har me ingen undersøkingar som med sikkerheit kan seia kor mange eldre som vert utsette for vald og overgrep. Den eldste delen av befolkninga er anten ikkje omfatta av dei ulike befolkningsundersøkingane, eller dei er sterkt underrepresenterte hjå respondentane. Med utgangspunkt i utanlandske undersøkingar kan me antyda at 2 – 4 % av befolkninga over 65 år som bur i private hus vert utsette for ein eller fleire typar overgrep.

Sjukdom og omsorgsbyrde kan vera ei medverkande årsak til at ein får konflikt. Omsorgssvikt og manglande hjelp er også overgrep. Det same gjeld for truslar og redsle for kva som kan koma til å henda med ein.

Senter for omsorgsforskning ved Universitetet i Agder, har skrive rapporten « Vold i nære relasjoner – kommunale tiltak for å hjelpe eldre som utsettes for overgrep – med fokus på hjemmetjenestens pasienter» (Sandemoe og Skraastad 2013). Målet for prosjektet var å retta søkelyset på kunnskap, kompetanse og organisering som har innverknad på heimetenesta si evne til å gje hensiktsmessig hjelp til eldre som er offer for overgrep.

11.4 Menneske med nedsett funksjonsevne:

Det er vanskeleg å finna sikre tal på kor mange menneske med nedsett funksjonsevne som vert utsette for vald. Fleire forskrarar er likevel samde om at det ligg føre relativt store mørketal i høve menneske med redusert funksjonsevne som vert utsette for seksuelle overgrep.

Se egen nettside for seksuelle overgrep mot voksne personer med utviklingshemming:
www.bufdir.no/Retningslinjer_seksuelle_overgrep_utviklingshemmede

12. Tiltaksplan:

Meininga med planen er at innsatsen på området vald og overgrep skal sikra eit hjelpetilbod som er kunnskapsbasert og samordna på kommunenivå.

Vik kommune har mange etablerte samarbeidsfora som har fungert godt i mange år, og som framleis fungerer godt. Det er viktig å nytta desse samarbeidsfora og ikkje berre vera opptekne av å finna opp nye. Fleire av dei eksisterande samarbeidsfora vert difor og ressursar inn mot eventuelle saker som er knytt til vald i nære relasjonar.

Kva skal gjerast:	Kven har ansvaret:
<p>Laga eit informasjonshefte om vald i nære relasjonar. Også på fleire språk. Det bør lagast eit eige hefte, tilpassa born. I dette heftet skal det vera oversikt over hjelpetilbod og kontakttefon for personar som er utsette for/vitne til vald i nære relasjonar.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Haldningskamanjar • Aksjonar • Vegleiing • Formidling av kunnskap, m.a. info på kommunen si nettside. 	<p>?</p> <p>Alle tilsette i dei aktuelle tenestene</p> <p>Rådmann</p>
<p>Vidareføring av kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Opplæring i kva me skal sjå etter • Kva gjer me med det me ser/høyrer? – rutinar for å meld i frå. • Opplæring i konsekvensane av det å leva med vald. • Opplæring i korleis snakka med barn om vald og overgrep. 	<p>Alle tilsette i dei aktuelle tenestene</p>

<p>Lokal kartlegging:</p> <p>Stilla «rutinespørsmål» om vald:</p> <p>I samband med svangerskapskontroll, NAV, hjå fastlege, barneverntenesta, skulehelsetenesta, flyktningetenesta m.m.</p>	Alle tilsette i dei aktuelle tenestene.
<p>Styrka kompetansen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tverrfaglege møte, intern opplæring og fagleg påfyll. Viktig at ein og inkluderer tannhelsetenesta. • Lag og organisasjonar har ei viktig rolle fordi dei møter born og unge på fritida. Det er viktig å gjera alle lag og organisasjonar merksame på rutinar for å melda i frå. At lag og organisasjonar vert merksame på meldeplikta til barnevernet. • Få på plass ei tverrfagleg «ressursgruppe» som er samansett av tilsette frå ulike faginstansar. 	Leiarane i dei aktuelle tenestene. Ulike hjelpeinstansar som helsestasjon, barnevern, oppvekst.
<p>Førebyggande tiltak i barnehagar/skular mot vald og overgrep:</p> <p>Få til eit opnare samfunn om tema. Gjera det enklare for born og unge om å torna å seia i frå.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lesa boka « Sinnemann (for alle førskuleborn frå 5 – 6 år). 	Alle barnehagar, alle skular.

<ul style="list-style-type: none"> - Lesa boka «Jeg er meg! Min meg» (Eli Rygg og Margrethe Wiede Aasland (4 -6 år). - Syna filmen «Sinnamannen» til skuleborn frå 4.klasse. 	
<p>Snakka med barn om følelsar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Psykologisk førstehjelp - Utsette born får tilbod om samtale. - Kurs i sinnemeistring - Vurdera etablering/hjelp til etablering av sjølvhjelpsgrupper 	Helsestasjon/Psykiatritenesta
<p>Førebyggja vald mot personar med nedsett funksjonsevne:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bruk av opplæringspakka «ESS – etikk, samliv og seksualitet». Tek føre seg område som folkeskikk, utvikling av kroppen, hygiene, kjærast, prevansjon m.m. 	Alle tilsette i teneste for funksjonshemma.
<p>SARA (Spousal Assault Risk Assessment):</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nytta av politiet - Kartleggingsverktøy med 15 risikofaktorar. 	Politiet: Hjelpa politiet å m.a. kartleggja risikoen for ev nye tilfelle av vald hjå parforhold der ein veit at det vert utøva vald.

13. Aktuelle hjelpeinstansar/informasjonssider:

13.1 Aktuelle hjelpe/informasjons sider:

www.ung.no stiller følgjande spørsmål? (med svar):

- Kva er vald?
- Utsett for vald?
- Er det oppseding eller vald?
- Kva skjer om du kontaktar barnevernet?
- Kjenner du nokon som har eit usunt forhold?
- Vil du hjelpa ein venn som er utsett for vald?
- Foreldre som er sinte og valdelege?
- Har du sett eller opplevd noko form for vald?
- Krangling, strenge grenser og bråk heime?
- Var det seksuelt overgrep eller?

Stine sofies stiftelsen (www.stinesofiesstiftelsen.no)

Politiet sin kampanje: www.hvorlite.no



Informasjonsside om vald og overgrep <http://jegvilvite.no/>

Nettportalen www.dinveiut.no gjev oversikt over ulike hjelpetilbod, samt informasjon, fagstoff m.m.

Alarmtelefonen for barn og unge:



Born og unge skal vera trygge i sin eigen heim.

www.kriesenteret.sf.no

Kriesentertilboden er eit offentleg lovpålagt tilbod som vert finansiert av alle kommunane i Sogn og Fjordane.

13.2 Kven kan du snakka med?

Dersom du sjølv eller nokon du kjenner er utsette for vald og truslar, eller er vitne til dette, kan du snakka med politiet eller barnevernet. Du kan også snakka med læraren din og helsesyster. Eller det kan vera andre vaksne som du stolar på.

Politiet:

Er ofte fyrsteinstans ved akutt behov for hjelp. Politiet sitt arbeid mot familievald har høg prioritet (sjå også www.politiet.no). Det er politiet si oppgåve å etterforska saka og ev straffeforfylgja denne.

Politiet opprettar sak i alle henvendingar om familievald. Er det barn inne i biletet, er det rutine på at det også går ei melding til barnevernet. [Telefonnummeret til politiet er 02800.](#)

Politiet skal vurdera bruk av naudsynte tiltak for å verna om offer for vald. Det er også politiet som syter for at offer for vald og truslar vert sett i kontakt med etatar, institusjonar og organisasjonar som kan yta rask hjelp.

Legevakt:

Om det er barn inne i biletet, har lege/fastlegen meldeplikt til barnevernet (Lov om barnevern). Når det gjeld vaksne som vert utsette for vald og overgrep, må legen/fastlegen prøva å få den vaksne til å anmelda forholdet av eigen fri vilje. Det finst også unntak frå tieplikta (sjå eige punkt). [Telefonnummer til legevakt er 116/117.](#)

Barnevernet i Vik kommune:

Når ein har mistanke om at eit barn er utsett for eller vitne til vald, overgrep eller ei form for alvorleg omsorgssvikt, skal barnevernet kontaktast. Den som melder må også ha «grunn til åtru». Ein må ha ein knagg å henga bekymringane sine på. Det er barnevernet som skal undersøkja bekymringa. Om det seinare viser seg å ikkje vera så alvorleg, så har ein likevel ikkje brote tieplikta. Offentleg tilsette har meldeplikt til barnevernet.

Barnevernet si hovudoppgåve er å sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. For at barnevernet skal kunna greia denne oppgåva, er barnevernet heilt avhengige av ein melder i frå til dei.

Når barneverntenesta tek i mot ei melding som gjeld bekymring for eit barn, pliktar dei å vurdera meldinga innan ei (1) veke, og ev fylgja opp med vidare undersøkingar og ev tiltak om det er behov for det.

Barneverntenesta i Vik kommune skal sikra at born og unge som lever under forhold som kan skada deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid (Lov om Barnevern). **Telefonnummer til barnevernet er : 57698200 (dagtid)/9004835 (kveldstid).**

Helsestasjon og skulehelsetenesta:

Helsesyster kan gje råd og vegleiing til born og vaksne. Helsesyster kan også hjelpe til med å koma i kontakt med andre i hjelpeapparatet.

NAV:

NAV kan gje økonomisk hjelp ved t.d. tap av inntekt i overgangsperiodar.

14. Teieplikt og opplysningsplikt:

14.1 Teieplikt:

Er ei plikt til å hindra at opplysningars om nokon sine personlege forhold vert kjende for uvedkomande. Teieplikta er i utgangspunktet eit forbod mot å vidareformidla opplysningar.

14.2 Samtykke:

Teieplikta skal i utgangspunktet ivareta den einskilde sitt krav på teieplikta om sin kontakt med hjelpeapparatet eller andre personlege forhold. Om vedkomande dette gjeld for gjev samtykke, kan teieplikta opphevast og gjeldande verksemder (som har fått samtykke) kan utveksla relevante opplysningar.

14.3 Unntak frå teieplikta som gjev opning for samarbeid:

(Utarbeidd av kommuneadvokat Knut Broberg og advokatfullmektig Elin Viken Holvik, frå www.flora.kommune.no). Rådmann har fått munnleg løyve av Broberg den 16.01.2017, til å nytta dette i vår plan).

Teieplikta skal ikkje vere ei hindring for å samarbeide mot vold i nære relasjoner, og det er viktig med kunnskap om reglane og unnataka er viktige for samarbeid mot vold i nære relasjoner.

Dette kapitelet vil gje oversikt over moglegheiter for samarbeid til tross for teieplikta.

14.3.1 Kommunikasjon mellom helsepersonell – (Aktuelt for helsestasjon, skulehelsetenesta, legetenesta, habilitering m.v.):

Helsepersonellova § 25: «*Med mindre pasienten motsetter seg det kan taushetsbelagte opplysningar gis til samarbeidende personell når dette er nødvendig for å kunne gi forsvarlig helsehjelp*».

Samarbeidande personale er personale som arbeider og yter hjelp innan helse og omsorgstenestene. Det er vilkår om at opplysningsane er naudsynte. Det finns inga bestemmingar om at helsepersonell eller helsetenesta kan gje opplysningar til andre enn dei som «anses som helsepersonell». Regelen gjeld både for å få opplyst eit spørsmål, som å bidra til å opplysa. Kan altså ikkje gje opplysningar vidare til lærarar, pedagogar osv, som ikkje er å rekna som helsepersonell (Flora kommune s 14).

A. Opplysning og meldeplikt til barnevernet:

Helsepersonellova § 33: *Den som yter helsehjelp skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barnevernets side.*

Uten hinder av taushetsplikten i § 21 skal helsepersonell av eget tiltak gi opplysninger til barnevernstjenesten når det er grunn til å tro at barn blir mishandlet i hjemmet eller at det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt"

Tenestene skal peika ut ansvarlege for utlevering av slike opplysningar. Vilkår er at det er grunn til å tro at det ligg føre alvorleg omsorgssvikt. Når barnevernet krev opplysningar er det barnevernet som må gå god for at vilkåret i bestemminga er oppfylt. Regelen gjeld ikkje ei kvar svikt. T.d. er ei mindre bekymring ikkje nok (Flora kommune s 14).

Den som melder må altså ha «**grunn til å tru**». Ein må ha ein knagg å henga bekymringane sine på. Men det er lov å ta feil. Det er barnevernet som skal etterforska bekymringa. Så helsepersonell skal melda om dei har mistanke til mishandling eller alvorleg omsorgssvik. Det er ei plikt å melda.

Barnehagelova § 22 seier at tilsette i barnehagen utan hinder av teieplikt skal gje opplysningar til barneverntenesta når det er grunn til å tru at eit barn vert mishandla i heimen, eller mistanke om at det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvik. Det same gjeld når eit barn syner vedvarande alvorlege åtferdsvanskår.

B. Opplysningsplikt til helse og omsorgstenesta:

Helsepersonellova §32 – opplysningar til den kommunale helse og omsorgstenesta:

«*Den som yter helsehjelp skal være oppmerksom på forhold som bør føre til tiltak fra den kommunale helse- og omsorgstjenesten.*

Skal av eget tiltak gi opplysninger om slike forhold etter at samtykke er innhentet eller det kan gis uten hinder av taushetsplikta.

Dersom det er grunn til å tro at gravid kvinne misbruker rusmidler skal det gis opplysninger, uavhengig av taushetsplikta

Skal utpekes en person som har ansvaret for utleveringen av slike opplysninger».

14.3.2 Unntak frå teieplikta som gjev opning for samarbeid – barnehage, skule og PPT:

For PPT må ein ta ei avgjerd kva rolle tenesta har. Dersom dei i saka opptrer som behandlar (yter helsehjelp) er det reglane i helsepersonellova som er gjeldande. Arbeider dei saman med pedagogar og liknande er det reglane i forvaltningslova som gjeld. Teieplikta etter helsepersonellova er strengare enn teieplikta etter forvaltningslova.

Forvaltningslova § 13b gjev høve til intern kommunikasjon internt innan den eininga som yter tenesta, men den kan ikkje nyttast i relasjon til andre organ/tenester.

Teieplikta er ikkje til hinder for å gje opplysningar til andre (til dømes helsepersonell) slik at barnehage, skule eller ppt sjølv kan få relevant informasjon frå helsetenesta som bidrag til å utføra eige arbeid (unntak: nye opplysningar frå helsepersonell).

Døme på tilfelle der skulen kan gje frå seg opplysningar til helsetenesta er : at helsetenesta bør følgja opp problem med barnet si helse, som er medverkande årsak til at barnet har læringsproblem (Flora kommune s 15).

14.3.3 Unntak frå teieplikta som gjev opning for samarbeid – sosialtenesta (NAV):

Som for PPT, barnehage og skule, er det bestemmingane i forvaltningslova som er gjeldande.

Lov om sosiale tenester (sosialtjenestelova) modifiserer retten elles fyl av forvaltningslova § 13 nr 5. Opplysningane må vera naudsynte for å fremja forvaltningsoppgåver, eller for å førebygga vesentleg fare for livet eller skade på nokon si helse.

I særskilde tilfelle kan sosialtenesta be om opplysningar frå offentlege organ. Men dei kan ikkje gå på tvers av den vanlege teieplikta andre har. T.d. kan ikkje sosialtenesta be om opplysningar frå helsepersonell. Det må vera viktig, og byggja på ei konkret vurdering i sosialtenesta, ikkje på eit generelt grunnlag.

Opplysnings og meldeplikt:

Ved mistanke om alvorleg omsorgssvikt har personell innanfor sosialtenesta ei plikt til å varsle barnevernet. Regelen er den same som for helsepersonell.

14.3.4 Unntak frå teieplikta som gjev opning for samarbeid – barnevernet:

Intern kommunikasjon:

Teieplikta er ikkje til hinder for at opplysningane er tilgjengelege for andre tenestemenn innanfor same etat (alle adm nivå innanfor barnevernsmyndigheten, med unnatak av

fylkesmannen, fylkesnemnda for sosiale saker, barne og familieldep). Føresetnaden er at det ikkje går lengre enn det som er naudsynt for ei hensiktsmessig arbeids og arkivordning.

Kommunikasjon med andre:

Barnevernet kan formidle opplysningar til andre i forbindung med handsaming av ei barnevernssak. Herunder er vurderinga av om det er behov for å iverksetje tiltak, gjennomføre det, følgje det opp og foreta kontroll. Det kan formidlast opplysningar på alle trinn i saka. Det må vere ei aktuell sak, og det må være naudsynt å formidle opplysningane for å oppnå føremålet.

Barnevernet har rett til å innhente opplysningar frå andre, jf Bvl § 6-4. Dei kan i stor utstrekning venda seg til andre for å få undersøkt saka dei har til undersøking, sjølv om det ikkje føreligg samtykke.

Unnataket gjeld for opplysningar frå helsepersonell: her må det føreligge samtykke om det ikkje er mistanke om alvorleg omsorgssvikt. Opplysningar til andre kan berre gjevest når det er naudsynt for å fremje barnevernstenesta sin institusjon eller førebygge vesentleg fare for liv eller alvorleg skade på nokon si helse. (Flora kommune s 16).

14.3.5 Unntak frå legane si teieplikt:

Legane har teieplikt med mindre det ligg føre ein situasjon omtala i lov som gjev grunnlag for å utlevera informasjon til politiet. Det er fleire unntak frå kravet om teieplikt, unntak som utløyer opplysningsplikt og unntak som gjev opplysningsrett/ rett til å teie.

Helsepersonellova § 31:

Opplysningar til alle naudetatar. Helsepersonell skal varsle politi og brannvesen dersom dette er naudsynt for å avverja alvorleg skade på person eller eigedom.

Straffelova § 139 (Lov av 22.mai 1902 nr 10) :

Etter denne lova er ein kvar borgar pålagd opplysningsplikt til politiet for å avverja gjentaking av alvorlege lovbrot som er lista opp i bestemminga. Denne bestemminga føreset at det alt er gjort ei straffbar handling, og at det er naudsynt å avverga nye liknande handlingar (Flora kommune s 17).

Kjelder:

Aasland, M. V. (2012): Si det til noen. En bok om seksuelle overgrep mot barn og unge. Cappelen Damm.

Barne- og familiedepartementet (2003): Seksuelle overgrep mot barn - En veileder for hjelpeapparatet.

Isdal, Per (2000): Meningen med volden. Oslo: Kommuneforlaget

Justis- og beredskapsdepartementet (2012): Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2012

Justis- og beredskapsdepartementet (2013): Et liv uten vold. Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2014–2017

Killén, K. (2015): Sveket (5. rev. utg.). Oslo: Kommuneforlaget

www.nhi.no

www.forskning.no

www.jegvilvite.no

Stefansen Kari og Mossige Svein *Vold og overgrep mot barn og unge. Omfang og utviklingstrekk 2007 – 2015*. NOVA rapport 5/16 fra www.hioa.no / www.regjeringen.no

Handlingsplan mot vold i nære relasjonar Flora kommune 2015 – 2020 frå

www.flora.kommune.no

www.helsebiblioteket.no

www.helsedirektoratet.no

Thoresen & Hjemdal (2014): En nasjonal forekomststudie av vold i et livsløpsperspektiv. En rapport skrevet om vold og voldtekts i Norge.

St.meld. 15, 2012-2013 www.regjeringen.no

WHO. (2002). World report of violence and health. Geneva: World Health Organization.
Williamson, D., Thompson, T. J., Anda, R., Dietz, W., & Felitti, V. (2002). Body weight and

obesity in adults and self-reported abuse in childhood. *International journal of obesity*, 26(8), 1075-1082. doi: <http://dx.doi.org/10.1038/sj.ijo.0802038>

Aasland, M. (2014): « ... si det til noen ...» En bok om seksuelle overgrep mot barn og unge (3. utg. ed.) Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Forvaltningsloven (1967): Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker. Henta 17.02.16 frå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3

Straffeloven (2005): Lov om straff. Henta 14.03.16 frå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL_2-11#KAPITTEL_2-11

Opplæringslova (1998): Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Henta 17.02.16 frå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_17

Statistisk Sentralbyrå (2015): Ofre for anmeldte lovbrudd, 2014. Henta 11.04.16 frå <http://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/statistikker/lovbruddo/aar/2015-10-13?fane=tabell&sort=nummer&tabell=240217>

Sosial- og helsedirektoratet (2003): Seksuelle overgrep mot barn. En veileder for hjelpeapparatet, henta 11.04.16
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2003/0017/ddd/pdfv/286825-seksuelle_overgrep_mot_barn.pdf

Statens Barnehus (2009): Henta 07.04.16 frå: <http://www.statensbarnehus.no/>

